Felleseiga - info om gbnr.

# R E T T S B O K

for

## NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

## SAK nr. 11/ 1998

på

## GNR. 47 ROSSLAND
## GNR. 48 SKURTVEIT
## GNR. 51 LANDSVIK
## GNR. 52 KÅRBØ
## GNR. 53 BRATSHAUG

## GRENSEGANG / RETTSUTGREIING PÅ ELDSFJELLET

i

## MELAND KOMMUNE

Saka tok til 04.07.2000
Saka slutta 08.11.2000

e.s.trykk
M-0426

# RETTSBOK

# FOR

# NORD OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

(FØREBUINGSMØTE)

Den 4. juli år 2000 vart det sett jordskifterett i Rossland Ungdomshus til eit saksførebuande møte.

Rettstyrar Jordskiftedomar Ståle Sørbotten som settedomar.

Sak. 11/1998
Saka gjeld: Krav om grensegang/rettsutgreiing vedkomande grenser og rettsforhold på Eldsfjellet i Meland kommune.

Partar:

01. Eigar av gnr. 47/1, 47/11 i Meland, Hilmar Rossland, Rossland, 5917 Rossland
02. Eigar av gnr. 47/2, 47/101, 47/102, 47/103 i Meland, Johannes A. Rossland, Rossland, 5917 Rossland
03. Eigar av gnr. 47/3 i Meland, Marie Karin Hammer, Rossland, 5917 Rossland
04. Eigar av gnr. 47/4 i Meland, Dag Danielsen, Rossland, 5917 Rossland
05. Eigar av gnr. 47/5 i Meland, John Nicolaysen, 5918 Frekhaug
06. Eigar av gnr. 47/5 i Meland, Kjellaug Nicolaysen, 5918 Frekhaug
07. Eigar av gnr. 47/6 i Meland, Aslaug Birkeland, Hj. Brandtingsv. 95, 5141 Fyllingsdalen
08. Eigar av gnr. 47/6 i Meland, Gunvald Rossland, Rossland, 5917 Rossland
09. Eigar av gnr. 47/7 i Meland, Audun Per Rossland, 6740 Selje
10. Eigar av gnr. 47/8, 48/1 i Meland, Birger Rasmus Rossland, 5917 Rossland
11. Eigar av gnr. 47/9 i Meland, Vidar Rossland Ryland, Rossland, 5917 Rossland
12. Eigar av gnr. 47/10 i Meland, Einar Tøsdal, Janastølen 36, 5179 Godvik
13. Eigar av gnr. 47/12 i Meland, Jan Olav Bratshaug, Rossland, 5917 Rossland

e.s.trykk
M-0426

14. Eigar av gnr. 47/13 i Meland, Trond Rune Rossland, Rossland,
5917 Rossland
15. Eigar av gnr. 47/14 i Meland, Klara Haaland, Rossland, 5917 Rossland
16. Eigar av gnr. 47/15 i Meland, Ingunn Slettebakken, Rossland, 5917 Rossland
17. Eigar av gnr. 47/15 i Meland, Johan Viken, Rossland, 5917 Rossland
18. Eigar av gnr. 47/20 i Meland, Nils Eikeland, Rossland, 5917 Rossland
19. Eigar av gnr. 47/95 i Meland, Erling Haugen, Rossland, 5917 Rossland
20. Eigar av gnr. 48/2 i Meland, Arnold Jakobsen, Skyttarvn. 25, 5038 Bergen
21. Eigar av gnr. 48/3 i Meland, Bjørg Astrid Utkilen, Grønfjellet 55, 5955 Lindås
21.b Eigar av gnr. 48/4 i Meland, Reijo Olavi Kelpinen, 5817 Rossland
22. Eigar av gnr. 48/5 i Meland, Nils Arne Spjeld, Skurtveit, 5917 Rossland
23. Eigar av gnr. 48/6 i Meland, Asgeir Skurtveit, Skurtveit, 5917 Rossland
24. Eigar av gnr. 48/7 i Meland, Tore Røyset, Skurtveit, 5917 Rossland
25. Eigar av gnr. 48/7 i Meland, Jorunn Røyset, Skurtveit, 5917 Rossland
26. Eigar av gnr. 48/32, 48/45 i Meland, Gunnar Skurtveit, Skurtveit,
5917 Rossland
27. Eigar av gnr. 48/45 i Meland, Ingebjørg Skurtveit, Skurtveit, 5917 Rossland
28. Eigar av gnr. 51/1 i Meland, Erling Landsvik, Øvre Lyngbø 41,
5164 Laksevåg
29. Eigar av gnr. 51/3 i Meland, Egil Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
30. Eigar av gnr. 51/4, 51/9 i Meland, Anne Marie Skurtveit, 5917 Rossland
31. Eigar av gnr. 51/5 i Meland, Trond Taule, Landsvik, 5917 Rossland
32. Eigar av gnr. 51/6 i Meland, Sigve Eldøy, Landsvik, 5917 Rossland
33. Eigar av gnr. 51/7 i Meland, Einar Bauge, 5936 Manger
34. Eigar av gnr. 51/8 i Meland, Margot Husebø, Ibsensgt. 71, 5052 Bergen
35. Eigar av gnr. 51/10 i Meland, Kåre Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
36. Eigar av gnr. 51/11, 51/21 i Meland, Konrad Langeland, Hegdehaugsv. 30 B,
0353 Oslo
37. Eigar av gnr. 51/11 i Meland, Edmund Langeland, Gamlevleien 43
3440 Røyken
38. Eigar av gnr. 51/12 i Meland, Randi Langeland, Landsvik, 5917 Rossland
39. Eigar av gnr. 51/13, 51/17 i Meland, Anna Landsvik, Landsvik,
5917 Rossland
40. Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Borgny Hovland, Ekrengt. 15, 5035 Bergen
41. Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Åse Langeland,
42. Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Odny Ellingsen,
43. Eigar av gnr. 51/25 i Meland, Magne Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
44. Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Aslaug Kårbø, Elvebakken 24 5067 Bergen
45. Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Ragnhild Kårbø, Flatevad 20 5118 Ulset
46. Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Målfrid Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
47. Eigar av gnr. 52/2 i Meland, Olav Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
48. Eigar av gnr. 52/3 i Meland, Ingeborg Rasmussen, Øvre Sollien 64
5096 Bergen
49. Eigar av gnr. 52/4 i Meland, Torvald Langøen, Grev Vedelsgt. 14,
3167 Åsgårdstrand
50. Eigar av gnr. 52/5 i Meland, Tore Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
51. Eigar av gnr. 52/6 i Meland, Tone Marie Jakobsen Haug, Kårbø,
5917 Rossland
52. Eigar av gnr. 52/7 i Meland, Gunnar Kårbø, Frøyasvn. 1, 3960 Stathelle

53. Eigar av gnr. 52/7 i Meland, Øystein Kårbø, Mangerbua 16, 5911 Alversund
54. Eigar av gnr. 52/8 i Meland, Reinhardt Lillebø, Kårbø, 5917 Rossland
55. Eigar av gnr. 52/9 i Meland, Gunvor Toska, Hetlevikåsen 20
    5173 Loddefjord
56. Eigar av gnr. 53/1 i Meland, Torunn Nilsen, Bratshaug, 5917 Rossland
57. Eigar av gnr. 53/2 i Meland, Kristin Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
58. Eigar av gnr. 53/2 i Meland, Nils Atle Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
59. Eigar av gnr. 53/3 i Meland, Kirsten M. Bratshaug Bøe, Saudalen 87,
    5115 Ulset
60. Eigar av gnr. 53/4, 53/6 i Meland, Olav Landsvik, Bratshaug 5917 Rossland
61. Eigar av gnr. 53/5 i Meland, Arthur Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
62. Eigar av gnr. 57/13 i Meland, Jens Husebø, Husebø, 5917 Rossland.

Av desse møtte: Part nr. 2,3, 9 ved Per Rossland, 10, 22, 23 v/Jakob Hilmar Skurtveit, 24, 26, 30 v/Ole Petter Skurtveit, 32, 46, 48,55, 56, 58 og 59.

Dessutan møtte også avd.ing. Arne Flatebø frå jordskiftekontoret. Han skal leie det tekniske arbeidet saka fører med seg.

I følgje Noregs Eigedomar er gnr. 51 bnr. 13 og 17, no overdregne til Øyvind Landsvik. Eigaren av gnr. 48 bnr. 4, Reijo Olavi Kilpinen har falle ut av partslista og diverre ikkje fått innkalling.
Partslista vil bli oppretta i samsvar med dei endringane som er nemnde her. Dei vil få tilsendt kopi av rettsboka.

Jordskiftedomaren gjorde greie for reglane i domstolslova, §§ 106 m.fl.
Ingen kjende til omstende som kunne gjere jordskiftedomaren ugild i saka.

Saka gjeld eit krav om grensegang for ein del av grensene mot fellesarealet på Eldsfjellet og ei utgreiing om dei rettslege forholda i fellesskapet.
Dette møtet er sett for at jordskifteretten skal få ei oversikt over dimensjonen i sak, og om det var turvande med oppmåling før saka vart teka opp til realitetshandsaming.

Gunnar Skurtveit, 48/32, 45 opplyste at i samband med vederlag etter kraftlineskjønnet til BBK, oppstod det tvist om grensene for fellesskapet på fjellet. Skurtveit har alltid rekna arealet ovanfor skiftelinja på Skurtveit som del av fellesarealet. I kjølevatnet av skjønnet meinte imidlertid Bratshaug at dei åtte lenger opp i fjellmarka enn dei andre. Det er bakgrunnen for kravet. Jordskifteretten må difor fastsette grensa mellom Bratshaug og fellesskapet, men Bratshaug må bere kostnadane med det. Dei andre frammøtte partane sa seg i det vesentlege samde med denne klårgjeringa av problemstillingane.

Jordskiftedomaren gjekk gjennom deler av jordskifta.

Etter ei tid vart dei frammøtte partane samde om å dra ei grenseline mellom Bratshaug og fellesskapet på Eldsfjellet frå der grensa mellom Sætre og Bratshaug, jf. jordskiftet

på Sætre 1934-1935, sluttar mot fjellet, i den sokalla Nonstona, til der grensa mellom Bratshaug og Kårbø sluttar mot fjellet i den sokalla «Andre Hjellen», jf. jordskifte Kårbø, (1933-1936).

Dei frammøtte grunneigarane meinte då at fellesarealet på Eldsfjellet var avgrensa av denne linja og yttergrensene som er skrivne i jordskifta på Kårbø 1933-1936, Landsvik, sl. 1921, Rosseland 1987 og Skurtveit, i 1920 åra.

Grunneigarane opplyste at dei ikkje var samde, eller i allehøve usikre om rettsforholda i fellesarealet. Det vil sei kor stor del dei einskilde gardane og bruksnummera åtte i fellesskapet. Det ville dei ha avgjort.

Jordskiftedomaren gjorde stutt greie for generelle reglar der fastsetting av sameigeandeler i sameige. Rettsformannen gjorde også greie for framdrifta av saka, kostnader m.m.

Dei frammøtte partane var samde om at jordskifteomaren skulle styre sluttføringa av saka som einedomar og at jordskiftedomaren sender eit framlegg til deling i god tid før neste møte i saka.

Jordskiftedomaren sine konklusjonar.

1. Partane er samde om grensespørsmålet i samsvar med det som er skrive framanfor. Grensa vert oppmerka med det første.
2. Jordskifteretten (jordskiftedomaren som einedomar avgjer bruka sin andel i fellesskapet.

Jordskiftedomaren sender ei skisse til fordelingsnøkkel før neste møte i saka.

Rettsmøtet slutt
Rossland, den 4. juli 2000

Ståle Sørbotten

Den 8. november år 2000 vart det sett jordskifterett i Rossland Ungdomshus i Meland Kommune.

Rettstyrar Jordskiftedomar Ståle Sørbotten som settedomar.

Sak. 11/1998 - utsett sidan 4. juli d.å.
Saka gjeld: Krav om grensegang/rettsutgreiing vedkomande grenser og rettsforhold på Eldsfjellet i Meland kommune.

Partar i saka:

Eigar av gnr. 47/1, 47/11 i Meland, Hilmar Rossland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/2, 47/101, 47/102, 47/103 i Meland, Johannes A. Rossland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/3 i Meland, Marie Karin Hammer, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/4 i Meland, Dag Danielsen, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/5 i Meland, Kjellaug og Johan Nicolaysen, 5918 Frekhaug
Eigar av gnr. 47/6 i Meland, Aslaug Birkeland, Hj. Brandtingsv. 95, 5141 Fyllingsdalen
Eigar av gnr. 47/6 i Meland, Gunvald Rossland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/7 i Meland, Audun Per Rossland, 6740 Selje
Eigar av gnr. 47/8, 48/1 i Meland, Birger Rasmus Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/9 i Meland, Vidar Rossland Ryland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/10 i Meland, Einar Tøsdal, Øvre Kråkenes 236 5152 Bønes
Eigar av gnr. 47/12 i Meland, Jan Olav Bratshaug, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/13 i Meland, Trond Rune Rossland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/14 i Meland, Klara Haaland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/15 i Meland, Ingunn Slettebakken, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/15 i Meland, Johan Viken, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/20 i Meland, Nils Eikeland, Rossland, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 47/95 i Meland, Erling Haugen, Rossland, 5917 Rossland

Eigar av gnr. 48/2 i Meland, Arnold Jakobsen, Skyttarvn. 25, 5038 Bergen
Eigar av gnr. 48/3 i Meland, Bjørg Astrid Utkilen, Grønfjellet 55, 5955 Lindås
Eigar av gnr. 48/4 i Meland, Reijo Olavi Kilpinen, Skurtveit 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/5 i Meland, Nils Arne Spjeld, Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/6 i Meland, Asgeir Skurtveit, Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/7 i Meland, Tore Røyset, Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/7 i Meland, Jorunn Røyset, Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/32, 48/45 i Meland, Gunnar Skurtveit, Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 48/45 i Meland, Ingebjørg Skurtveit, Skurtveit, 5917 Rossland

Eigar av gnr. 51/1 i Meland, Erling Landsvik, Øvre Lyngbø 41, 5164 Laksevåg
Eigar av gnr. 51/3 i Meland, Egil Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/4, 51/9 i Meland, Anne Marie Skurtveit, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/5 i Meland, Trond Taule, Landsvik, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/6 i Meland, Sigve Eldøy, Landsvik, 5917 Rossland

e.s.trykk

Eigar av gnr. 51/7 i Meland, Einar Bauge, 5936 Manger
Eigar av gnr. 51/8 i Meland, Margot Husebø, Ibsensgt. 71, 5052 Bergen
Eigar av gnr. 51/10 i Meland, Kåre Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/11, 51/21 i Meland, Konrad Langeland, Hegdehaugsv. 30 B, 0353 Oslo
Eigar av gnr. 51/11 i Meland, Edmund Langeland, Gamlevleien 43 3440 Røyken
Eigar av gnr. 51/12 i Meland, Randi Langeland, Landsvik, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/13, 51/17 i Meland, Øyvind Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 51/19 i Meland, Helge Martin Nygård, Jonsokgrenda 11, 5918 Frekhaug
Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Borgny Hovland, Ekrengt. 15, 5035 Bergen
Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Åse Langeland,
Eigar av gnr. 51/20 i Meland, Odny Ellingsen,
Eigar av gnr. 51/25 i Meland, Magne Landsvik, Landsvik, 5917 Rossland

Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Aslaug Kårbø, Elvebakken 24 5067 Bergen
Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Ragnhild Kårbø, Flatevad 20 5118 Ulset
Eigar av gnr. 52/1 i Meland, Målfrid Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/2 i Meland, Olav Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/3 i Meland, Ingeborg Rasmussen, Øvre Sollien 64 5096 Bergen
Eigar av gnr. 52/4 i Meland, Torvald Langøen, Grev Vedelsgt. 14, 3167 Åsgårdstrand
Eigar av gnr. 52/5 i Meland, Tore Kårbø, Kårbø, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/6 i Meland, Tone Marie Jakobsen Haug, Kårbø, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/7 i Meland, Gunnar Kårbø, Frøyasvn. 1, 3960 Stathelle
Eigar av gnr. 52/7 i Meland, Øystein Kårbø, Mangerbua 16, 5911 Alversund
Eigar av gnr. 52/8 i Meland, Reinhardt Lillebø, Kårbø, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/9 i Meland, Gunvor Toska, Hetlevikkåsen 20, 5173 Loddefjord
Eigar av gnr. 52/11 i Meland, Astrid Karin Grimstad, Egtvedtsvei 15, 2770 Kastrup, Danmark.
Eigar av gnr. 52/12 i Meland, Klara Kårbø, Kårbø 5917 Rossland
Eigar av gnr. 52/13 i Meland, Cecelie Kårbø, Nordgardshaugen 12B, 5918 Frekhaug
Eigar av gnr. 52/18 i Meland, Øren Svein Magnus, Grimstadholmen 97 5251 Søreidgrend
Eigar av gnr. 53/1 i Meland, Torunn Nilsen, Bratshaug,, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 53/2 i Meland, Nils Atle Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 53/2 i Meland, Kristin Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 53/3 i Meland, Kirsten M. Bratshaug Bøe, Saudalen 87, 5115 Ulset
Eigar av gnr. 53/4, 53/6 i Meland, Olav Landsvik, Bratshaug, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 53/5 i Meland, Arthur Bratshaug, Bratshaug, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 53/7 i Meland, Torunn Nilsen, Bratshaug, 5917 Rossland
Eigar av gnr. 57/13 i Meland, Jens Husebø, Husebø, 5917 Rossland

Av desse møtte: Johannes A. Rossland, gnr. 47 bnr. 2,102 og 103, Per Rossland for sonen Audun Per Rossland, 47/7, Birger Rasmus Rossland 47/8 og 48/1, Nils Arne Spjeld, 48/5, Tore Røyset, 48/7, Gunnar Skurtveit, 48/3, 48/45, Ole Petter Skurtveit for Anne Marie Skurtveit 51/4 og 9 med skriftleg fullmakt, Sigve Eldøy, 51/6, Målfrid Kårbø, 52/1, Tore Kårbø, 52/5, Torunn Nilsen 53/1, Nils Atle Bratshaug, 53/2, Kirsten M. Bratshaug Bøe, 53/3, Ole Landsvik 53/4 og 6.

Medeigar i 51/20, Åse Langeland og Oddny Ellingsen har ikkje fått innkalling på grunn av adressemangel. Tredje medeigar Borgny Hovland er derimot innkalla.

Avd. ing. Arne Flatebø frå jordskiftekontoret møtte. Han har og skal leie det tekniske arbeidet saka fører med seg.

Jordskiftedomaren gjorde på nytt greie for reglane i domstolslova, §§ 106 m.fl.

Ingen kjende til omstende som sidan siste møte i saka kunne gjere jordskiftedomaren ugild i saka. Ingen hadde noko å merke til protokollen for møtet 4. juli d.å.

Dokument i saka er:

1. Krav om sak vedlagt partslister, dat. 24.06.1998, frå Målfrid Kårbø, Gunnar Skurtveit, Egil Landsvik, Sigve Eldøy, Nils Arne Spjeld, Johannes Rossland og Per Rossland.
2. Brev, dat. 13.07.1998, frå Helge Nygård
3. Brev m/vedlegg, dat. 17.07.1998, underskrive av Nils Atle Bratshaug og Arthur Bratshaug.
   a. Kopi av forkynning, dat. 28.08.1996, frå Nordhordland heradsrett.
   b. Kopi av brev, dat. 28.10.1996, frå adv. Magne Revheim til grunneigarar.
   c. Kopi av brev, dat. 18.11.1996, frå adv. Magne Revheim til Athur Olai Bratshaug.
   d. Kopi av kvittering for del i erstatning.
   e. Kopi av brev, dat. 25.11.1996, frå Håkon A. Landsvik m.fl. til advokatfirma Secher & co.
   f. Kopi av brev, dat. 25.02.1997, til advokatfirma Secher & co. Ikkje underskrive.
   g. Kopi av brev, dat. 06.03.1997, frå adv. Magne Revheim til Håkon A. Landsvik m.fl.
   h. Kopi av brev, dat. 14.03.1997, frå Meland kommune til Torunn Nilsen m.fl.
   i. Kopi av brev, dat. 20.03.1997, frå Magne Revheim til grunneigarar.
      Kopi av brev, dat. 17.06.1997, frå lensmannen i Lindås og Meland til Torunn Nilsen m.fl.
   k. Kopi av brev, dat. 18.03.1998, frå Arthur Brathaug m.fl. til Sigve Eldøy m.fl. Ikkje underskrive.
4. Brev m/vedlegg, dat. 23.07.1997, frå Nils Arne Spjeld.
   a. Kopi av brev, dat. 18.05.1992, frå Geoteam til Malvin Bekkenes.
   b. Kopi av brev, dat. 10.04.1992, frå Saga petroleum til partar.
   c. Kopi vedk. utskifting over Landsvik utmark, slutta 30.04.1921.
   d. Kopi av skylddelingsforretning, dat. 02.01.1899, vedk. gnr. 51, bnr. 15.
5. Kopi av brev, dat. 17.08.1999, frå Meland kommune til Nils Atle Bratshaug med påteikning, dat. 24.08.1999, av Gunnar Skurtveit, vedhefta kartkopi.
6. Kopi av brev, dat. 27.08.1999, frå Sigve Eldøy til Statens kartverk.
7. Brev, dat. 05.08.1998, frå Sigve Eldøy.
8. Kopi av utskiftingsforretning vedk. Landsvik utmark, slutta 30.04.1921.
9. Kopi av utskifting vedk. Rossland utmark, slutta 11.06.1920
10. Kopi av jordskifte vedk. Rossland utmark og naustområde, slutta 10.11.1987.

e.s.trykk

M-0426

11. Kopi av utskifting vedk. Brathaug utmark, slutta 19.11.1924.
12. Kopi av utskifting vedk. Kårbø utmark, slutta 10.08.1936.
13. Kopi av utmarksutskiftning vedk. Skurtveit utmark slutta 28. 08. 1923.
14. Delkopi av utmarksjordskifte på Sætre, slutta 1932.
15-39 Kopi av grunnbokblad for gnr. 51, bnr. 1 – 25.
40. Kopi av utmarksjordskifte på gnr. 51 Landsvik slutta 30. 04. 1921.
41. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 17 (10/26).
42. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 13 (10/19).
43. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 15 ( 20/21).
44. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 19 (10/30).
45. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 20 (10/31).
46. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 21 (10/33).
47. Skylddeling av gnr. 51, bnr. 25 (10/37).
48. Delingsgrunlag og samandrag før jordskifte av utmarka på gnr. 51 Landsvik, slutta 30. 04. 1921.
49. Fortegnelse over smørskylda på gnr. 51 (10) Landsvik i Herdla, henta frå utmarksjordskifte.
50. Oversikt over skylda på gnr. 51 Landsvik i Meland kommune, tidl. gnr. 10 Herdla, henta frå utmarksjordskifte.
51. Skylddeling av gnr. 10, bnr. 22 i Herdla kommune.
52. Skylddeling av gnr. 10, bnr. 25 i Herdla kommune.
53. Omrekningstabell for bruksnummer, frå gnr. 10 Landsvik i Herdla til gnr. 51 Landsvik i Meland, frå Sorenskrivaren i Nordhordland.
54. Liste over bruksnr. under gnr. 10 Landsvik i Herdla som var med i utmarksjordskifte i 1918, og som no har fått nye bruksnr. under gnr. 51 Landsvik i Meland. Laga av Sigve Eldøy (51/6).
55. Avtale mellom Hilmar Rossland og Johannes A. Rossland, dags. 24. 01. 1995.
56. Registreringsbrev på gnr. 47, bnr. 101, dags. 19. 07. 1995.
57. Registreringsbrev på gnr. 47, bnr. 102, dags. 19. 07. 1995.
58. Registreringsbrev på gnr. 47, bnr. 103, dags. 19. 07. 1995.
59. Brev frå Gunnar Skurtveit, dags. 17. 10. 2000, vedh. Vedlegg:
    - 59 a. Skøyte på gnr. 7, bnr. 4 i Herdla, dags. 12. 11. 1962.
    - 59b. Oppnemning av skyldskiftemenn, dags. 22. 12. 1976.
    - 59c. Skyldskifte på gnr. 48,bnr. 32, dags. 11. 06. 1977.
    - 59d. Makeskifteskøyte på gnr. 48, bnr. 4 og 32, dags. 30. 12. 1977.
    - 59e. Kontrakt mellom Ståle Bakstad og Gunnar Skurtveit, dags. 16. 09. 1996.
    - 59.f Kopi av skriv frå Fylkesmannen i Hordaland til Else og Ståle Bakstad, ang. søknad om frådeling av 3 parseller frå bnr. 4, dags. 13. 12. 1996.
    - 59g. Registreringsbrev på gnr. 48, bnr. 45, dags. 23. 07. 1997.
    - 59h. Utskrift av grunnbok for gnr. 48, bnr. 4 frå Sorenskrivaren i Nordhordland.
    - 59i. Skjøyte på gnr. 48, bnr. 45, dags. 22. 10. 1997.
    - 59j. Kopi av brev til Nils A. Bratshaug, frå Brynjulf Skurtveit, dags. 13. 01. 1999.

Jordskiftedomaren gjorde greie for kva som hadde skjedd sidan siste møte i saka.

På møtet 4. juli vart partane samde om ei grensedragning mellom sameiga på Eldsfjellet og fellesskapet til gnr. 53 Bratshaug.
Denne grensa er no oppstukka, avmerka og lagt inn på eit kart som vart tilstila partane saman med protokollen for møtet 4. juli d.å., med ein merknadsfrist 15. september d.å. Partane var innanfor fristen bedd om innvendingar til at jordskiftedomaren styrde saka som einedomar jf. møtet 4. juli d.å.. Det er ikkje komne inn merknader.

Saman med innkallinga til dette møtet låg det med eit framlegg til fordelingsnøkkel for sameiga på Eldsfjellet mellom gnr. 47, 48, 51, 52 og 53.
Jordskiftedomaren gjorde stutt greie for framlegget og bakgrunnsstoffet for framlegget.
Framlegget legg til grunn at sameiga på fjellet blir delt mellom dei gardane som er nemnde ovanfor i samsvar med den skylda som gjaldt før 1838, den gamle smørskylda. Framlegget legg vidare til grunn at einskildbruka sin andel er utrekna med rot i eit internt delingsgrunnlag på kvart einskild gardsnummer.

Partane fekk no uttale seg om framlegget. Det kom ingen merknad til delingsforholdet mellom gardsnummera.

I temaet om rettsforholda på Eldsfjellet har jordskifteretten føreteke slik

RETTSUTGREIING

Dette er ei sak som Johannes Rossland m.fl. krov i 1998 og som på grunn av arbeidsmengda ved Nord og Midthordland Jordskifterett er overført til Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett med jordskiftedomar Ståle Sørbotten som settedomar.

Saka gjeld rettsutgreiing om rettsforholda på Eldsfjellet i Meland Kommune.
Eldsfjellet er eit fjellparti på omlag 3000 dekar. Fjellpartiet er omkransa av gardane Rossland, Skurtveit, Landsvik, Kårbø og Bratshaug. Det er semje mellom gardane og bruka at fjellområdet er ei grunnsameige mellom desse gardane, men det har vore tvil om korleis gardane og bruka eig i sameiga.
Det var også tvil om korleis grensa mellom sameiga og sameiga på Bratshaug gjekk.
På møtet 4. juli d.å. vart imidlertid partane samde om denne grensestrekninga. Elles var partane samde om at sameiga var avgrensa av yttergrensene for utmarksjordskifta på Rossland, Skurtveit, Kårbø og Landsvik.

Gunnar Skurtveit 48/32 og 45 har i det vesentlege halde fram:
Han eig no om lag heile det gamle bnr. 4 under gnr. 48. Det opphavlege bnr. 4 står i dag att med om lag 4 dekar. Det kan då stillast spørsmål om bnr. 4 i det heile sit att med rettar i den felles utmarka på fjellet. Dette må retten vurdere.

Johannes A. Rossland har i det vesentlege halde fram:

Eigaren av 47/11 har selt frå ein stor del av eigedomen sin. Bnr. 11 utgjer i dag berre omlag15 dekar. 47/95 og 47/102 utgjer henholdsvis om lag 143 dekar og 155 dekar. Retten bør då vurdere om ikkje bnr. 11 sine rettar på Eldsfjellet bør fordelast på dei frådelte bruka i samsvar med arealet.
Johannes Rossland la fram heimelsdokument på 47/102, jf. dok. 56, 57 og 58.

Ole Petter Skurtveit 51/4 og 9 har i det vesentlege halde fram:
Det går ikkje fram av heimselsdokumenta til 51/19 at dette bruket fekk rettar i utmarka. Bnr. 19 er frådelt bnr. 9. Retten må difor vurdere om ikkje den prosentandelen som er godskriven 51/19 i framlegget skal tilbakeførast til bnr. 9 .

Jordskifteretten ser problemstillingane slik:

1. Grensene for fellesskapet på Eldsfjellet

Ingen av partane har hatt noko å merke til framlegget til avgrensing av sameiga på Eldsfjellet. Det må føre til at sameiga er avgrensa av yttergrensa for utmarksjordskifta på gnr. 47 Rossland, gnr. 48 Skurtveit, gnr. 51 Landsvik, gnr. 52 Kårbø. Mot gnr. 53 Bratshaug av den grensa som partane var samde om på møtet 4. juli og som går fram av kartvedlegget til skrivet 29. august d.å.

2. Rettsforholdet vedkomande gardane sin andel i sameiga.

Sameige skal delast i samsvar med den andelen partane har i sameiga. Dersom denne andelen ikkje er kjend, skal sameiga delast i samvar med den skatteskylda som rådde då sameiga oppstod. Ingen av partane har gjort greie for korleis sameiga har oppstått og retten har heller ikkje funne dokumentasjon på serskilde delingsforhold. Då skal sameiga delast med bakgrunn i den skylda som gjaldt fram til lov frå 17.desember 1836 og det er også denne som er basis for det tilsende framlegget, jf. jordskiftelova § 27.

Ingen av dei frammøtte partane har hatt merknader til framlegget om fordelingsnøkkelen mellom dei ulike gardsnummera.

Slutning

Framlegget vert lagt til grunn.

3. Rettsforholdet vedkomande dei einskilde bruka sin andel i sameiga.

Garden sin andel i sameiga må vurderast som ei sameige for garden.
Dei einskilde bruka må då ha andel i garden sin del av sameiga i samsvar med delingsgrunnlaget på garden. Desse andelane må, på same måte som for gardane sin del av sameiga, fastsettast med bakgrunn i reglane i § 27 i jordskiftelova. Då skal

sameigeandelen for dei einskilde gardane også delast på dei einskilde bruka med bakgrunn i den skylda som gjaldt fram til lov frå 17.desember 1836. Det er denne som er basis for det tilsende framlegget.

Dei frammøtte partane frå gnr. 52 Kårbø og gnr. 53 Bratshaug har ikkje kome med merknader til den interne delingsnøkkelen mellom bruka på gardane. Retten ser då ingen grunn til å fråvike framlegget.
Framlegget blir difor lagt til grunn.

Rettsforholda for bruka på gnr. 47 Rossland sin andel i sameiga på Eldsfjellet.

Delingsgrunnlaget for gnr. 47 Rossland går i det vesentlege fram av utmarksjordskiftet på Rossland, slutta 1987. Det kan knapt vere tvil om at bruka på Rossland eig i Rossland sin del av Eldsfjellsameiga med same forholdstal som dei åtte i den felles heimeutmarka. Desse forholdstala går då fram av utmarksjordskiftet. Andre bruk på Rossland som kan ha rettar i Eldsfjellet, må då vere frådelte etter 1987.

Bnr. 101, 102 og 103 er frådelte henholdsvis bnr. 1, bnr. 11 og bnr. 1 i 1995, jf. dok. 55, 56, 57 og 58.

Kjøpeavtalen, dok. 55 viser at kjøparen Johannes Rossland har kjøpt bnr. 1 og 11 sine utmarksteigar mellom Storavatnet og riksvegen og at kjøparen overtok dei rettane og pliktene som føl med desse teigane. Salet er difor knytt til desse teigane spesielt. Sidan det er seljaren som har hand om kva han vil selje, kan det knapt vere tvil om at bnr. 101, 102 og 103 ikkje har serskilde rettar utanfor desse teigane. Då måtte det vore nemnt i kjøpeavtalen.
Dei andre partane på Rossland har ikkje hatt merknader til framlegget om delingsgrunnlaget på Rossland.
Framlegget blir difor lagt til grunn for bruka sin andel i fellesskapet på Rossland.

Slutning

1. Bnr. 101, 102 og 103 har ikkje rettar i sameiga på Eldsfjellet.
2. Framlegget om delingsmodell blir lagt til grunn.

Rettsforholda for gnr. 48 Skurtveit sin andel i sameiga på Eldsfjellet

I 1962 skøytte dåverande eigar av bnr. 4, Sverre Skurtveit halvparten av garden over på Gunnar Olav Skurtveit. Det vart ikkje gjennomført skylddeling, men oppretta ei personleg sameige mellom Sverre og Gunnar Skurtveit, der begge sameigarane skulle eige bnr. 4 i lag med like store andeler, jf. skøyte, dok. 59 A.

I 1977 krov begge eigarane skylddeling for å dele frå Gunnar Skurtveit sin andel i bnr. 4. Bnr. 4 sin andel i sameiga på Eldsfjellet er ikkje nemnd i skylddelinga, men det kan knapt vere tvil om at skylddeilinga var ei endeleg gjennomføring av viljefråsegna i skøytet frå 1962 om at begge skulle eige bnr. 4 med like store andeler. Det kan vi

e.s.trykk
M-0426

slutte av skyldfastsetjinga der det nye bruket fekk 49 øre og gjenverande fekk 50 øre. Øreforskjellen kjem av den totale skylda for bnr. 4 var 99 øre og udeleleg med to utan å bruke halve øre.

Konklusjonen må då bli at bnr. 32 også fekk andel i bnr. 4 sin del av sameiga på Eldsfjellet med ein halvpart av bnr. 4 sin del.

Bnr. 45 vart overført til Gunnar Skurtveit ved registreringsbrev, tgl. 14. august 1997. Frådelinga har si rot i ein kjøpeavtale mellom dåverande eigar av bnr. 4, Else Liv og Ståhle Bakstad og Gunnar Skurtveit, datert 16.09.1996. Avtalen seier positivt at : "Seljar overdreg utmarka tilhøyrande gnr. 48, bnr. 4..." til Gunnar Skurtveit. Arealet er oppgjeve til om lag 96 dekar som etter retten si vurdering må vere arealet i heimeutmarka. Det kan då vere grunn for å tru at Eldsfjellet ikkje var med i handelen. Det går imidlertid fram av kjøpeavtalen at seljaren overdreg "utmarka" tilhøyrande bnr. 4 til Gunnar Skurtveit. Retten kan ikkje sjå anna enn at det tyder at "utmark" omfattar all utmark til bnr. 4. Då må bnr. 4 sin andel i sameiga på Eldsfjellet også vere med. Det einaste unntaket bnr. 4 har gjort er for inntekter av gruvedrift, hellebrot eller sal av stein og steinprodukt. Dei skal fortsatt tilfalle bnr. 4, jf. dok. 59 E.
Dette er spesielle rettar som er skrivne i jordskiftet på Skurtveit 1923 og omfattar heimemarka. Det kan då knapt vere tvil om at bnr. 4 sine rettar på Eldsfjellet er overførde til bnr. 45.

Slutning

Bnr. 32 og bnr. 45 eig bnr. 4 sin andel i sameiga på Eldsfjellet med ein halvpart på kvar.

Rettsforholda for gnr. 51 bnr 19 sin andel i sameiga på Eldsfjellet.

Bnr 19 er tidlegare bnr. 30 i gamle Herdla kommune og vart frådelt bnr. 9, tidlegare bnr. 15 i Herdla kommune. Ved frådelinga vart bnr 19 tildelt ei skyld på 0,77 mark medan bnr. 9 sat att med ei skyld på 1 mark. Heimeutmarka på Landsvik var skifta til eigedom i 1921.

Bnr. 19 omfatta tre teigar + 2 torvteigar og rett til landslott etter skyld og eigedomsrett til halvdelen av lakseplassane på Jerneset og Bognø. Formularet i skylddelinga "..Dog har vi samtykket i, at av utmarken......kan benyttes i felleskap..." er strokne over. Det er ei aktiv handling som for så vidt fortel at temaet om rettar utover det skrivne kan ha vore diskuterte, men her enda med at det nye bruket ikkje skulle ha rettar utover det som er skrive.
Skylddelinga i seg sjølv er, etter retten si vurdering i seg sjølv då uttømmande fordi det er klårt skrive kva som er selt. Då må vi igjen slutte at det som ikkje er nemnt, heller ikkje er avhenda, men ligg fortsatt til bnr. 9. Eldsfjellet er ikkje nemnd i skylddelinga. Retten ser det slik at Eldsfjellet er av ein slik dimensjon at dersom bnr. 19 skulle ha rettar der, ville det vore nemnt serskilt.
Konklusjonen må då bli at bnr. 19 ikkje har rettar på Eldsfjellet. Desse ligg fortsatt til bnr. 9.

Slutning

Bnr. 19 har ikkje rettar på Eldsfjellet.

Etter dette er sak 11/1998 ved Nord og Midhordland jordskifterett gjennomførd slik:

I. Yttergrense for sameiga på Eldsfjellet.

Grense: 1

mellom sameiga til gnr. 47, 48, 51, 52 og 53,Rossland, Skurtveit,Landsvik,Kårbø og Bratshaug på sørøstre side og gnr. 53 Bratshaug sams utmark på nordvestre side
Grensa tar til i i kors i berg "på kanten av en Nordvendende Fjellvegg op for "Andre-Hjedlen", beskrive under kapittel "II Grensen mellem den ikke utskiftede utmark tilhørende gården Brattshaug på Vestre- og gården Kårbøs utmark på Østre side, i jordskifte av utmark på gnr. 52 Kårbø slutta 10/08 1936 i

| Punkt nr. | Punkt-beskrivelse | Retn. (grader) | Lengde (meter) | X-koordinat | Y-koordinat |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Gamal kors i fjell | | | 288962.99 | -56074.46 |
| | | 180.8 | 28.35 | | |
| 2 | Bolt i fjell | | | 288935.91 | -56066.05 |
| | | 207.5 | 232.85 | | |
| 3 | Bolt i fjell | | | 288704.69 | -56093.60 |
| | | 207.6 | 144.95 | | |
| 4 | Bolt i fjell | | | 288560.78 | -56110.85 |
| | | 220.8 | 102.57 | | |
| 5 | Bolt i fjell i Nonstoen | | | 288463.64 | -56143.82 |

(Bolten 5 er sett same merket som »foranbeskrivne kors i fjellfoten under under Eldsfjellet i den såkalte Nonstoen» skrive under kapittelet «Grensen mellem Gården Bratshaug og Sætre» i utmarksjordskifte på gnr. 57 Sætre, slutta 7/10 1932.

Vidare grensar sameiga på Eldsfjellet til gnr. 47 Rossland i samsvar med yttergrensa for jordskiftet av Rossland utmark, slutta 1987, til gnr. 48 Skurtveit i samsvar med yttergrensa for jordskifte på Skurtveit, slutta 1923, til gnr. 51 Landsvik i samsvar med yttergrensa for jordskiftet på Landsvik, slutta 1921, og til gnr. 52 Kårbø i samsvar med yttergrensa for jordskiftet på Kårbø, slutta 1936.

II. I sameiga på Eldsfjellet eig følgjande gardar med slik prosentfordeling.

| | |
|---|---|
| Gnr. 47 Rossland | 25,81 % |
| Gnr. 48 Skurtveit | 12,90 % |
| Gnr. 51 Landsvik | 32,26 % |
| Gnr. 52 Kårbø | 16,13 % |
| Gnr. 53 Bratshaug | 12.90 % |

III. Bruka på gnr. 47 Rossland eig i sameiga på Eldsfjellet med slik prosentfordeling:

Gnr. 47 bnr. 1 1,22 %

e.s.trykk
M-0426

| | |
|---|---|
| Gnr. 47 bnr. 2 | 2,15 % |
| Gnr. 47 bnr. 3 | 3,23 % |
| Gnr. 47 bnr. 4 | 1,45 % |
| Gnr. 47 bnr. 5 | 1,83 % |
| Gnr. 47 bnr. 6 | 0,65 % |
| Gnr. 47 bnr. 7 | 2,42 % |
| Gnr. 47 bnr. 8 | 3,23 % |
| Gnr. 47 bnr. 9 | 3.23 % |
| Gnr. 47 bnr. 10 | 0,61 % |
| Gnr. 47 bnr. 11 | 1,84 % |
| Gnr. 47 bnr. 12 | 0,81 % |
| Gnr. 47 bnr. 13 | 0,32 % |
| Gnr. 47 bnr. 14 | 1,45 % |
| Gnr. 47 bnr. 15 | 0,75 % |
| Gnr. 47 bnr. 20 | 0,62 % |
| Sum | 25,81 % |

IV. Bruka på gnr. 48 Skurtveit eig i sameiga på Eldsfjellet med slik prosentfordeling:

| | |
|---|---|
| Gnr. 48 bnr. 1 | 2,42 % |
| Gnr. 48 bnr. 2 | 0,89 % |
| Gnr. 48 bnr. 3 | 1,53 % |
| Gnr. 48 bnr. 5 | 2,42 % |
| Gnr. 48 bnr. 6 | 1,61 % |
| Gnr. 48 bnr. 7 | 1,61 % |
| Gnr. 48 bnr, 32 | 1,21 % |
| Gnr. 48 bnr. 45 | 1,21 % |
| Sum | 12,90% |

V. Bruka på gnr. 51 Lansvik eig i sameiga på eldsfjellet med slik prosentfordeling:

| | |
|---|---|
| Gnr. 51 bnr. 1 | 3,06 % |
| Gnr. 51 bnr. 3 | 2,21 % |
| Gnr. 51 bnr. 4 | 4,90 % |
| Gnr. 51 bnr. 5 | 4,90 % |
| Gnr. 51 bnr. 6 | 2.04 % |
| Gnr. 51 bnr. 7 | 0,48 % |
| Gnr. 51 bnr. 8 | 1,90 % |
| Gnr. 51 bnr. 9 | 2,41 % |
| Gnr. 51 bnr. 10 | 1,92 % |
| Gnr. 51 bnr. 11 | 0,48 % |
| Gnr. 51 bnr. 12 | 3,71 % |
| Gnr. 51 bnr. 13 | 1,61 % |
| Gnr. 51 bnr. 20 | 0,48 % |
| Gnr. 51 bnr. 21 | 1,30 % |
| Gnr. 51 bnr. 25 | 0,86 % |
| Sum | 32,26 % |

VI. Bruka på gnr 52 Kårbø eig i sameiga på Eldsfjellet med slik prosentfordeling.

| | |
|---|---|
| Gnr. 52 bnr. 1 | 2,20 % |
| Gnr. 52 bnr. 2 | 0,58 % |
| Gnr. 52 bnr. 3 | 2,20 % |
| Gnr. 52 bnr. 4 | 2,20 % |
| Gnr. 52 bnr. 5 | 2,20 % |
| Gnr. 52 bnr. 6 | 1,69 % |
| Gnr. 52 bnr. 7 | 1,69 % |
| Gnr. 52 bnr. 8 | 1,69 % |
| Gnr. 52 bnr. 9 | 1,68 % |
| Sum | 16,13 % |

VII. Bruka på gnr. 53 Bratshaug eig ei sameiga på Eldsfjellet med slik prosentfordeling

| | |
|---|---|
| Gnr. 53 bnr . 1 | 2,81 % |
| Gnr. 53 bnr. 2 | 3,23 % |
| Gnr. 53 bnr. 3 | 1,61 % |
| Gnr. 53 bnr. 4 | 2,94 % |
| Gnr. 53 bnr. 5 | 1,61 % |
| Gnr. 53 bnr. 6 | 0,29 % |
| Gnr. 53 bnr. 7 | 0,41 % |
| Sum | 12,90 % |

## VIII. KOSTNADER

Kostnader med saka er i det vesentlege gebyr til Staten. Kostnadane skal betalast av partane i samsvar med den nytte dei har av at saka blir gjennomført, jf. jordskiftelova §76. Jordskifteretten vurderar det slik at fordelingsnøklane gjev eit utrykk for nytten for dei enkelte bruka.

Retten vurderer det likevel slik at dei bruka som eig under 1 % i fellesskapet knapt har nemneverdig nytte av gjennomføringa. Då ser retten det slik at desse heller ikkje kan påleggjast kostnader.

Sakskostnadane skal då gjerast opp slik:

| Gnr. | Bnr. | Eigar | Skal bet kr. | Har bet. kr. | Skuldar kr. | Tilgode kr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 47 | 1+11 | Hilmar Rossland | 335,00 | | 335,00 | |
| 47 | 2 | Johannes A. Rossland | 230,00 | 1750,00 | | 1520,00 |
| 47 | 3 | Marie Karin Hammer | 350,00 | | 350,00 | |
| 47 | 4 | Dag Danielsen | 165,00 | | 165,00 | |
| 47 | 5 | Kjellaug og Johan Nicolaysen | 200,00 | | 200,00 | |
| 47 | 7 | Audun Per Rossland | 270,00 | | 270,00 | |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 47 | 8 | Birger Rasmus Rosland | 350,00 | | 350,00 | |
| 47 | 9 | Vidar Rossland | 350,00 | | 350,00 | |
| 47 | 14 | Klara Haaland | 158,00 | | 158,00 | |
| | | | | | | |
| 48 | 1 | Birger Rasmus Rossland | 225,00 | | 225,00 | |
| 48 | 2 | Arnold Jakobsen | 100,00 | | 100,00 | |
| 48 | 3 | Bjørg Astrid Utkilen | 134,00 | | 134,00 | |
| 48 | 5 | Nils Arne Spjeld | 225,00 | 2575,00 | | 2350,00 |
| 48 | 6 | Asgeir Skurtveit | 150,00 | | 150,00 | |
| 48 | 7 | Jorun Røyset Skurtveit. | 150,00 | | 150,00 | |
| 48 | 32+45 | Gunnar Skurtveit | 220,00 | 1750,00 | | 1530,00 |
| | | | | | | |
| 51 | 1 | Erlilng Landsvik | 300,00 | | 300,00 | |
| 51 | 3 | Egil Landsvik | 227,00 | | 227,00 | |
| 51 | 4+9 | Anne Marie Skurtveit | 706,00 | | 706,00 | |
| 51 | 5 | Trond Taule | 457,00 | | 457,00 | |
| 51 | 6 | Sigve Eldøy | 200,00 | 1750,00 | | 1550,00 |
| 51 | 8 | Margot Husabø | 190,00 | | 190,00 | |
| 51 | 10 | Kåre Landsvik | 190,00 | | 190,00 | |
| 51 | 12 | Randi Langeland | 350,00 | | 350,00 | |
| 51 | 13 | Øyvind Landsvik. | 160,00 | | 160,00 | |
| 51 | 21 | Konrad Langeland | 130,00 | | 130,00 | |
| 51 | 25 | Magne Landsvik | 100,00 | | 100,00 | |
| | | | | | | |
| 52 | 1 | Målfrid Kårbø m.fl. | 200,00 | 1750,00 | | 1550,00 |
| 52 | 2 | Olav Kårbø | 100,00 | | 100,00 | |
| 52 | 3 | Ingeborg Rasmussen | 200,00 | | 200,00 | |
| 52 | 4 | Torvald Langøen | 200,00 | | 200,00 | |
| 52 | 5 | Tore Kårbø | 200,00 | | 200,00 | |
| 52 | 6 | Tone Marie Jakobsen | 155,00 | | 155,00 | |
| 52 | 7 | Gunnar Kårbø | 150,00 | | 150,00 | |
| 52 | 8 | Reinhaldt Lillebø | 145,00 | | 145,00 | |
| 52 | 9 | Gunnvor Toska | 155,00 | | 155,00 | |
| | | | | | | |
| 53 | 1 | Torunn Nilsen | 303,00 | | 303,00 | |
| 53 | 2 | Nils Atle Bratshaug | 300,00 | | 300,00 | |
| 53 | 3 | Kirsten M. Bratshaug Bøe m.fl. | 150,00 | | 150,00 | |
| 53 | 4 | Olav Landsvik | 300,00 | | 300,00 | |
| 53 | 5 | Arthur Bratshaug | 150,00 | | 150,00 | |
| | | | | | | |
| | | Sum | 9330,00 | 9575,00 | 8255,00 | 8500,00 |

Johannes A. Rossland, Gunnar Skurtveit, Sigve Eldøy og Målfrid Kårbø har betalt forskot med kr. 1750,oo kvar. Nils Arne Spjeld har betalt forskot med kr. 2575,oo.

Dei som skuldar sakskostnader skal betale slik:

Eigaren av gnr. 47 bnr. 3, Marie Karin Hammer, eigaren av gnr. 47 bnr. 5, Kjellaug og Johan Nicolyesen, eigaren av gnr. 47 bnr. 7, Audun Per Rossland, eigaren av gnr. 47 bnr. 8,Birger Rasmus Rossland, og eigaren av gnr. 47 bnr. 9, Vidar Rossland betaler det dei skuldar til eigaren av gnr. 47 bnr. 2, Johannes A. Rossland.

Eigaren av gnr. 47 bnr. 1+11, Hilmar Rossland, eigaren av gnr. 47 bnr. 4, Dag Danielsen, eigaren av gnr. 47 bnr. 14, Klara Haaland, eigaren av gnr. 48 bnr. 1, Birger Rasmus Rossland, eigaren av gnr. 48 bnr. 2, Arnold Jacobsen, eigaren av gnr. 48 bnr. 3, Bjørg Astrid Utkilen, eigaren av gnr. 48 bnr. 6, Asgeir Skurtveit, eigaren av gnr. 48 bnr. 7, Jorunn Røyset Skurtveit, eigaren av gnr. 51 bnr. 3, Egil Landsvik og eigaren av gnr. 51 bnr. 4+9, Anne Marie Skurtveit betaler det dei skuldar til eigaren av gnr. 48 bnr. 5, Nils Arne Spjeld.

Eigaren av gnr. 51 bnr. 1, Erling Landsvik, eigaren av gnr. 51 bnr. 5, Trond Taule, eigaren av gnr. 51 bnr. 8, Margot Husabø, eigaren av gnr. 51 bnr. 10,Kåre Landsvik og eigaren av gnr. 51 bnr. 12, Randi Langeland betaler det dei skuldar til eigaren av gnr. 48 bnr. 32+45, Gunnar Skurtveit.

Eigaren av gnr. 51 bnr. 13, Øyvind Landsvik, eigaren av gnr. 51 bnr. 21, Konrad Langeland, eigaren av gnr. 51 bnr. 25, Magne Landsvik, eigaren av gnr. 52 bnr. 2, Olav Kårbø, eigaren av gnr. 52 bnr. 3, Ingeborg Rasmussen, eigaren av gnr. 52 bnr. 4, Torvald Langøen, eigaren av gnr. 52 bnr. 5, Tore Kårbø, eigaren av gnr. 52 bnr.6, Tone Marie Jakobsen, eigaren av gnr. 52 bnr. 7, Gunnar Kårbø og eigaren av gnr. 52 bnr. 9, Gunnvor Toska betaler det dei skuldar til eigaren av gnr. 51 bnr. 6, Sigve Eldøy.

Eigaren av gnr. 52 bnr. 8, Reinhardt Lillebø, eigaren av gnr. 53 bnr. 1, Torunn Nilsen, eigaren av gnr. 53 bnr. 2, Nils Atle Bratshaug, eigaren av gnr. 53 bnr. 3, Kristin Bratshaug m.fl., eigaren av gnr. 53 bnr. 4, Olav Landsvik og eigaren av gnr. 53 bnr. 5, Arthur Bratshaug, betaler det dei skuldar til eigaren av gnr. 52 bnr. 1, Målfrid Kårbø.

Målfrid Kårbø og Gunnar Skurtveit har fortsatt til gode henholdsvis kr. 202,oo og kr. 43,oo. Dei får desse tilbakebetalt frå jordskifteretten.
Skuldige saksksotnader skal vere betalt seinast 15-femten dagar- etter at saka er kunngjort.
Skuldige sakskostnader er tvangsgrunnlag og kan når forfallsfristen er ute, drivast inn i samsvar med reglane om rettsleg inndriving.

## IX. IKRAFTSETTING

Denne saka vert under rettsleg tvang sett i kraft, den 1. mars år 2001.

## X. KUNNGJERING

Saka vert kunngjord ved kopi av rettsboka tilsendt i rek. brev.
Saka vert rekna som kunngjord den 15. januar år 2001.

## XI. OM ANKE

Dei avgjerdene jordskifteretten har teke i denne saka kan påankast.
Ankefristen er 1-ein- månad, rekna frå kunngjeringsdato.

Ankedomstol er Gulating Lagmannsrett.

Eventuell anke skal stilast til Gulating Lagmannsrett, men sendast Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett, boks 325, 6801 Førde som så sender anken saman med saksdokumenta over til ankedomstolen.
For anke til lagmannsrett skal det betalast eit ankegebyr som pr. i dag 8. november er kr. 15 000,oo.

Rettsmøtet og saka slutt

Rossland, den 8. november år 2000

Ståle Sørbotten